



Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep.

0030 OSLO

Deres ref.

Vår sak

200802073

09/01381-011 007051/09 ASK  
614.0

Oslo, 08.07.09

## ALMINNELIG HØRING - UTKAST TIL STATLIG PLANRETNINGSLINJE FOR KLIMA- OG ENERGIPLANLEGGING I KOMMUNENE

Landsorganisasjonen i Norge (LO) viser til Miljøverndepartementets høyringsbrev av 20. mai, - mottatt i LO 15. juni, om utkast til statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene. Vi viser vidare til mottatt e-post av 1. juli med melding om utsett høyringsfrist til 1. august. LO vil påpeike at høyringsfristen likevel er altfor kort. Ein så kort høyringsfrist er etter vårt syn heilt unødvendig i ei slik sak. Den korte fristen medfører i praksis berre 1 veker handsamingstid hjå LOs fagforbund, og vanskeleggjer sjølvstøtt ei så grundig handsaming ein ønsker.

LO støttar at det opprettast statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene, og ser det som positivt at kommunene skal følgje eins mal for planarbeidet. LO er vidare samd i føremålet med retningslinjene. Vi har følgande tilleggsmærknader:

I utkastets punkt 3 "Krav til klima- og energiplanlegging", framkjem det at revisjon av planar som handsamar klima- og energispørsmål *bør vurderast* regelmessig og minst kvart fjerde år. LO er opptatt av at kommunene må arbeide kontinuerleg med tiltak for å redusere klimagassutslepp, samt å sikre meir effektiv energibruk. Difor vil vi foreslå at dette punktet endrast, slik at kommunene *påleggast* slik revisjon. Nødvendige ressurser må samstundes stillast til disposisjon. Statlege myndigheiter må òg kunne krevje revisjon som følge av endringar i lover og forskrifter, eller når miljøteknologiske framsteg tilseier endringar.

I punkt 4 "Innhaldet i plan som handsamar klima- og energispørsmål", saknar vi eit punkt om krav til og iverksetjing av opplæring, kompetanseheving, og etter- og vidareutdanning. Dersom måla skal kunne realiserast, føreset dette kompetanseheving i alle ledd, og informasjon og opplæring må nå heilt ut til den enkelte arbeidstakar.

LO vil vidare etterlyse eit punkt under punkt 4 om medverknad og samarbeid. Tilsette i kommunene og det lokale næringsliv har både evne og vilje til å finne løysingar, og LO


meiner medverknad frå tilsette og tillitsvalte er nøkkelen til eit framtidretta og omstillingsdyktig lokalt næringsliv. I tillegg til reguleringar, må kommunene og fylkeskommunene utarbeide tiltak og prosjekt som fremjer samarbeid på tvers av ein fragmentert bedriftsstruktur, for å utvikle klimavenlege og energieffektive løysingar.

Når det gjeld punkt 4 e) ”Tiltak og verkemidlar for reduksjon av klimagassutslepp og miljøvenleg energiomlegging”, så vil vi elles vise til tre eksempel på tiltak og prosjekt som LOs forbund har arbeidd mykje med, og som raskt kan hjelpe kommunene med å nå ambisiøse klimamål; Det eine er utskifting av vindauge i kommunale bygg, som kan gi ein klar reduksjon i energibruken. I tillegg vil eit slikt tiltak vere med på å styrke sysselsetjinga i byggsektoren. Vidare kan eit aktuelt tiltak vere å førebu kommunale bygg for bruk av fjernvarme frå avfallshandsaming. - Tilrettelegging for kjeldesortering av avfall og etablering av fjernvarmeanlegg kan gi store energi- og klimagevinstar. Til sist viser vi til miljøgevinsten og gode erfaringar med bruk av biogass-/metandrivstoff for kollektivtrafikken.


LO føreset elles at utkastet er samordna med Naturmangfaldlova som tok til å gjelde 1. juli d.å.

Med vennlig hilsen

**LANDSORGANISASJONEN I NORGE**



Ellen Stensrud



Fanny Voldnes

Saksbehandler: Anne-Beth Skrede